

# Bibelen viser vegen

**Mange som les dette er kanskje døypte og konfirmerte og har vore med i kristent barne-og ungdomsarbeid.**

**Kanskje kjem du før eller seinare til å bruka Bibelen?**

**Bibelen er viktig! Han viser veg på livsvegen til den einskilde av oss.**

**Eg har prøvd å hente fram svar frå Bibelen på nokre av dei aller viktigaste spørsmåla som finst.**

**Kanskje er det andre spørsmål som brenn for deg. Prøv då å finne svar ved hjelp av Bibelen.**

## **1. KVA ER SENTRUM I KRISTENDOMEN?**

1. For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. Joh.3,16.

## **2. KVAR GÅR DEN VEGEN SOM FØRER TIL GUD?**

2. Jesus seier: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg.» Joh 14,6.

## **3. KVA KREV GUD AV MEG?**

3. Du skal elska Herren din Gud av heile ditt hjarta og av heile di sjel og av all di makt og av alt ditt vit, og elska nesten din som deg sjølv. Luk 10,27.

## **4. KOR ALVORLEG SER GUD PÅ SYNDA?**

4. Den som held heile lova, men bryt eitt av bodorda, han har gjort seg skuldig i brot på alle. Jak 2,10.

## **5. KVA SKAL EG GJERE NÅR EG HAR SYNDA?**

5. Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urett. 1 Joh 1,9.

## **6. KVA HAR JESUS GJORT FOR MEG?**

6. Han vart såra for våre brot og sundbroten for våre synder. Straffa låg på han, så vi skulle ha fred og ved hans sår har vi fått lækjedom. Jes 53,5.

## **7. KVA SKJEDDE DÅ EG VART DØYPT?**

7. Han (Gud) frelste oss ved det badet som atterføder og fornyar ved Den Heilage Ande. Tit 3,5.

## **8. KVA SEIER JESUS TIL DEN SOM ER KOMEN BORT?**

8. Jesus seier: «Den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort.» Joh 6,37.

## **9. KORLEIS SKAL EG FÅ HJELP TIL Å LEVE SOM EIN KRISTEN?**

9. Dei heldt trutt fast ved læra åt apostlane og ved samfunnet, brødsbrytinga og bønene. Apg 2,42.

## **10. KVIFOR KAN EG IKKJE VERE EIN KRISTEN I LØYND?**

10. For sannar du med munnen din at Jesus er Herre, og trur du i hjarta ditt at Gud reiste han opp frå dei døde, då skal du verta freist. Rom 10,9.

## **11. KVIFOR ER DET SÅ VIKTIG Å HØYRE KRISTEN FORKYNNING?**

11. Så kjem då trua av bodskapen ein høyrer, og bodskapen kjem ved Kristi ord. Rom 10,17.

## **12. KORLEIS KAN EG VERTE SIKKER PÅ AT DET BIBELEN SEIER ER SANT?**

12. Jesus seier: «Den som vil gjera hans (Guds) vilje, han skal få røynd om læra er frå Gud.» Joh 7,17.

## **13. KVA ER BAKGRUNNEN FOR DEN KRISTNE DÅPEN?**

13. Jesus seier: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor ut og gjer alle folkeslag til læresveinar, med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» Matt 28 18-20

**14. KORLEIS KAN EG MØTE FRAMTIDA?**  
14. Gud seier: «Eg vil gje dykk framtid og von.» Jer 29,11

## Andre bibelord du kan bruke:

**- Når du tvilar på deg sjølv:**

Fil 1,6: Og eg er viss på at han som tok til med ei god gjerning i dykk, skal fullføra henne.

**- Når du er motlaus og vil gje opp:**

Matt 11,28: Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera, eg vil gje dykk kvile.

**- Når du vil trøyste ein annan:**

1. Pet 5,7: Kast all dykkar sut på han, for han har omsut for dykk.

**-Når du er i tvil:**

Joh 6,68: Herre, kven skulle vi gå til? Du har det evige livs ord.

**- Når du vil vitne om Jesus:**

Apg 4,12: Det er ikkje frelse i nokon annan.

**- Når du vil vende om til Gud:**

Luk 15,21: Far, eg har synda mot himmelen og mot deg. Eg er ikkje verd å kallast (ditt barn) lenger.

**- Når du er redd fortapinga:**

Sal 139,23-24: Ransak meg, Gud, og kjenn mitt hjarta, prøv meg og kjenn mine tankar. Sjå om eg er på den vonde vegen, og lei meg på ævevegen!

**- Når du kjempar med synda:**

Hebr 2,18: Fordi han (Jesus) sjølv har lide og vorte freista, kan han hjelpa dei som vert freista.

**- Når du kjenner deg nedfor:**

Fil 4,6: Gjer dykk inga sut for noko! Men legg alt de har å be om, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing.

**- Når du vil gå til nattverd:**

1 Kor 10,16: Velsignings-kalken som vi velsignar, gjev han ikkje del i Kristi blod? Brødet som vi bryt, gjev det ikkje del i Kristi lekam?

**-Når du er glad:**

Sal 103,1: Mi sjel, lov Herren! Ja, alt som i meg er, skal lova hans heilage namn.

**- Når du vil gjere noko for Gud:**

Kol 3,23: Alt de gjer, skal de gjera viljug, som for Herren og ikkje for menneske.

**- Når du tenkjer på framtida:**

Sal 37,5: Legg din veg i Herrens hand, lit på han, så skal han gripa inn.

**- Når du tenkjer på døden:**

Joh 11,25: Jesus seier: «Eg er oppstoda og livet, den som trur på meg, skal leva om han så døyr. »

Stoffet her er oppdatert og utvida av SM etter:  
Meir enn du anar  
Tore Kopperud, Hans Chr Lier  
Luther Forlag, 1987